

# PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 24.04.20



Volda  
kommune

## PRESSEMELDING 24.04.20

**Smittestatus i Volda.** Til no er det testa 293 personar i Volda kommune, vi har ikkje fått tilbake fleire positive prøvesvar sidan 26. mars. Dei som tidlegare har testa positivt er friskmeldt etter Folkehelseinstituttet sine retningslinjer.

**Hald ut og følg råda.** Dette er særleg viktig no når ein opnar opp att delar av samfunnet, som barnehage og skule. Ikkje utset desse for unødig smitterisiko ved å slappe av på tiltaka. Nasjonale helsemyndigheiter er uroa for at smitta kan spreie seg dersom folk framover våren ikkje tek smitteverntiltaka like alvorleg som i starten. Vi er framleis i ein ekstraordinær situasjon som krev ein innsats frå kvar av oss for at vi skal hindre smittespreiing og halde situasjonen under kontroll. Den enkelte sin innsats er avgjerande for at vi kan unngå lokal krisetilstand.

**Gradvis opning av skular.** Frå 27. april vert 1.-4. trinn opna i grunnskulen og skulefritidsordninga. Opningstida i skule og SFO blir kl 08.00-16.00. Regjeringa har kome med nasjonal rettleiar med gode føringar. Tilsette i sektor oppvekst er klar for opning. Rutinane er tilpassa og tilrettelagt slik at dei er i tråd med den nasjonale rettleiaren. Det skal vere trygt å sende barna på skule, og det skal vere trygt for dei tilsette å gå på arbeid.

**Vikarar i skule, SFO og barnehage.** Koronakrisa gjer at vi kan få eit stort vikarbehov i skule, SFO og barnehage. For å vere i forkant, ber vi interesserte om å melde seg allereie no. Du finn skjema på heimesida til kommunen.

**Alle barnehagane er opna.** Dei kommunale barnehagane vil denne og neste veke ha ei ytre opningstid mellom 08.00-15.00. Innanfor denne ramma vil borna få 6 timar opphaldstid per dag. Dersom familiar har fått redusert inntekt kan dei søkje om moderasjonsordningar for foreldrebetaling i barnehage. Dette er ei ordinær ordning, det er ikkje oppretta særskilte moderasjonsordningar i samband med koronakrisa.

Det er viktig at alle følgjer smittevernråda som er gitt. Foreldre og føresette må følgje retningslinjene dei har fått med sin barnehage.

**Ungdom samlar seg.** Kommunen har fått meldingar om at ungdom samlar seg alt for tett og i for store grupper. Det er viktig at alle gjer ein innsats for å hindre smittespreiing, også de unge. Faren er ikkje over, og det vil vere svært synd om coronaviruset begynner å spreie seg igjen

**Toppturar.** Dette er ikkje tida for toppturar. Det kan fort skje ulykker på høgjellet og det er eit felles ansvar å ikkje utsetje naudetatane for unødig belastning. Det er også utfordrande med omsyn til smittevernet dersom dei må rykke ut på oppdrag. Ta kloke val når du er ute i naturen.

**Idrettshallar vert delvis opna.** Kommunale idrettshallar vert delvis opna. Toalett og garderobar vert ikkje opna. Det er krav om at gruppene som trenar saman skal vere på max 5 personar og ein må følgje nasjonale retningslinjer. Kvart idrettslag som vil

nytte hallane må ha ein kontaktperson som ser til at smitteverntiltaka vert fylgt. Det vil bli sett inn ekstra reinhald.

reinhald.

**Campingplassar.** Volda kommune har ikkje gjort lokale vedtak som gjeld hytter eller campingplassar. Smittevernreglane og dei nasjonale retningslinene må følgjast opp frå den som driv campingplassen.

**Lokal informasjonstelefon om korona.** Det er lite pågang på denne telefonen og den vert difor avslutta denne veka.

**Hjelp til å gjere innkjøp.** Personar med luftvegssymptom skal ikkje gå i butikken eller på apoteket. Du som er sjuk eller i risikograppa kan kontakte frivilligsentralane for å få hjelp. Frivilligsentralen i Volda: 917 25 639 Hornindal Frivilligsentral: 415 12 813

**Hjelpetelefon for psykisk helse eller rus.** Har du tankar eller uro i forhold til di psykiske helse eller rus? Ring oss om du har behov for å prate! Rus og psykisk helseteneste, telefon: 915 98 370. Telefontid: kvardagar kl. 10.00–14.00.

**Samtaletilbod.** Volda kyrkje har samtaletilbod, tlf 70 07 40 90, kvardagar.

**Ynskjer du telefonven?** Volda Røde kors har lang erfaring med besøksven, og tilbyr no telefonvener. Lokal kontaktperson er Sigrid Bjerkvik. Tlf.476 37 455.

**Treng du ein turven?** Å spasere seg ein tur er bra både for kropp og sinn, og har ein nokon å dele turen med kan det også verte ein god prat. Med rett avstand til turvenen er det trygt for smitte. Ynskjer du nokon å gå tur i lag med? Kontakt Frivilligsentralen på tlf, 917 25 639, vi har kontakt med frivillige som vil vere turvener.

**Legekontoret på Øyra skule.** Kommuneoverlegen har saman med eigedomsavdelinga og skuleliinga vore på synfaring og funne at det ikkje er naudsynt å flytte dette legekontoret. Dette lokalet som er teke i bruk som legekontoret er heilt separat frå undervisningsbygget og med eige ventilasjonssystem. Det er ikkje fare smitteoverføring. Eigedomsavdelinga har gjort tiltak for å sikre uteområdet og det vert sett opp sperringar i området rundt inngangspartiet til legekontoret.

# Øyra legesenter - trafikkregulering og parkering

